



EID SOKNERÅD

ÅRSMELDING FOR ÅR 2013 FOR EID OG HEGGJABYGDEN KYRKJELYDAR

Drøfta på soknerådsmøte 29.01.2014 og 26.02.2014. Framlagt til godkjenning på kyrkjelyden sitt årsmøtet 02.03.2014.

I 2013 har soknerådet hatt slik samansetting: Tor Olav Heldal (leiar), Åse Liv Lote (nestleiar), Anita Sørland Aase (kasserar), Lars Helge Hopland (sekretær). Dei andre faste medlemmane er: Per Oos, Sigrunn Heggen Leivdal, Oddvar Os, Bjørg Melheim, Inger Mette Sefland og Petter Bakke. Varamedlemmer er: Idar Sævik, Gyri Tolaas, Marita Røyset, Gerd Johannessen og Kari Os Stave.. Sokneprest i Eid sokn er også fast medlem i Eid Sokneråd.

Soknerådet har hatt 9 møter og handsama 88 saker i 2013.

Staben ved kyrkjekontoret

Kristin Stensrød var sokneprest i Eid fram til 15. august. Carsten Mrusek er tilsett som ny sokneprest frå same dato. Rolf Schanke Eikum har gjort teneste som prest. Ungdomspreststillinga sto ledig fram til september, då Kaare Michael Christoffersen vart tilsett.

Kyrkjetenarar er Bjørg Risøy og Per Hagen, og kyrkjegardsarbeidar er Finn Arve Sundal. Wenche Os Noste gjekk av med pensjon denne sommaren, og Cecilie Elisabeth Vestbøstad blei tilsett i kontor-/sekretærstillinga etter henne. Cecilie har for tida fødselspermisjon, og Marta Jenny Elvebakke er tilsett i eit vikariat fram til september 2014. Ralph Cupper er kantor og Ingvar Sundal er tilsett som organist..Oline (Myklebust) Furnes var tilsett som barne- og ungdomsarbeidar frå hausten 2012 til sommaren 2013. Asbjørn Eikenæs er tilsett som musikalsk barne- og ungdomsarbeidar i 20% stilling innanfor trusopplæringsprogrammet. Leiar for trusopplæringa er Solveig Orheim Nome. Gjennom ein avtale med Normisjon/Acta har Marius Økland vore leigd inn i eit engasjement som konfirmantlærer fram til sommaren 2013. Frå hausten 2013 har Beate Folkestad Osdal vore tilsett i 20% stilling som kateket. I tillegg har Beate fungert som vikar for trusopplærer på timebasis, då Solveig har vore sjukmeld sidan mars månad. Kristen Hundeide er kyrkjeverje i Eid.

Utval og oppnemningar

Til Eid Kyrkjelege Fellesråd har Eid sokneråd oppnemnt Oddvar Os og Sigrunn Heggen Leivdal.

I Eid Kyrkjetun sitt styre er soknerådet no representert ved Åse Liv Lote (leiar) – som blei vald inn/oppnemnt etter Inger Mette Sefland 6. februar, samt Gyri Tolaas og Petter Bakke. Marita Røyset blei valt til nytt 1. varamedlem i juni (erstattar Gerd Johannessen). Idar Sævik er fortsatt 2. vara.

Marita Røyset og Kari Os Stave sit i diakoniutvalet, og Anita Sørland Aase er medlem i trusopplæringsnemnda med Åse Liv Lote som vara.

Åse Liv Lote representerer soknerådet i Nordfjord Prostiråd, der ho er nestleiar.

I 2013 har musikkutvalet hatt slik samansetning: Ralph Cupper (leiar), Anita Sørland Aase (kasserar), Lars Helge Hopland (sekretær), Kristen Hundeide (repr. frå Fellesråd/stab), samt Sigrunn H. Leivdal og Tor Olav Heldal som medlemmar.

Årsmøte i kyrkjelyden vart halde 17. mars 2013 på Eid Kyrkjetun etter gudstenesta i Eid kyrkje.

Gudstenester:

Det har vore 68 gudstenester i året. Statistikken fortel om 8405 besøkande og 954 nattverdsgjestar. Med 11 færre gudstenester i 2013 enn i 2012 har også deltakartalet naturleg nok gått ned (9680 deltakarar i 2012). Det er likevel svært gledeleg å registrere at talet på nattverdsgjester er høgare enn i 2012 (954 mot 952)!!

Frå 1. søndag i advent 2012 vart den ny gudstenesteordninga, som soknerådet har utarbeidd og fått godkjent, teken i bruk med ein prøveperiode på 2 år. Dette medfører at fleire leke kyrkjemedlemmer deltek i gudstenestene som kyrkjevert, medliturgar og anna. Denne har no vore prøvd i vel eit år og ser ut til å fungere fint!

Frå 1. søndag i advent 2013 vart også den nye salmeboka teken i bruk i kyrkjene.

Vi hadde 4 konfirmasjonsgudstenester i Eid kyrkje i 2013. I sommartida har vi hatt sæter- og gardsgudstenester fleire stader i kommunen. Kyrkjekaffien er eit populært tiltak som stadig samlar mange etter kvar gudsteneste. Takk til dei frivillige!

Eid kyrkje:

Arbeidet med kortaket kom i gang i august 2011. Arbeidet var føresett å bli ferdigstilt hausten 2013 – men då det viste seg at dette kunne kome inn i advents- og juletida valde fellesrådet å utsetje monteringa til over årsskiftet. Kyrkja vil vere stengd under monteringa og det vil samstundes bli montert nye lerret og projectorar i kyrkja. Vi gler oss til å sjå det ferdige resultatet av begge deler.

Heggjabygda kyrkje:

Planlegging med tanke på betre parkering og toalettfasilitetar har vore i fokus i fjor. Det gjenstår litt på dette men vi håpar på ei oppgradering av begge delar så snart som råd.

Kyrkjemisjonsarbeidet går som forventa. Vi sender pengegåver til HimalPartner (tidlegare Tibetmisjonen), der Reidun og Gunnar Dalseth arbeider og er våre utsendingar. Arbeidet deira vert teke med i bønene våre i gudstenestene. Dei har vore fleire turar tilbake til Noreg, og då tek dei del i gudstenester og andre samlingar.

Venskapskyrkjelyd: Fuglefjord på Færøyane er venskapskyrkjelyd, men det har ikkje vore noko utveksling i 2013.

Konfirmantarbeidet gjekk svært bra i 2013! I Eid sokn hadde vi 60 konfirmantar i vår og 66 nye starta opp om hausten. Sokneprest Kristin Stensrød hadde, saman med Oline Furnes og Marius Økland, ansvaret for kullet som vart konfirmerte i vår. Frå hausten har sokneprest Carsten Mrusek hatt ansvaret, saman med ungdomsprest Kaare Michael Christoffersen og kateket Beate Folkestad Osdal. Medlemmene i soknerådet og andre frivillige stiller opp på konfirmantfesten, konfirmant-weekender og på konfirmasjonsdagen for at dagen skal bli eit godt minne for livet - både for konfirmantane og familiane.

Sommaropen kyrkje

Eit team frivillige med Kristen Hundeide i spissen la til rette for at turistar og andre interesserte kunne vitje Eid kyrkje sommaren 2013. Dette er ei spesiell kyrkje som mange har høyrte om og lyst til å sjå. Det var ein klar oppgang i talet besøkande frå 2012. Tusen takk til dei frivillige.

Aftenmusikk (Kyrkjemusikkveka)

Her har Ralph Cupper samla eit breitt tilbod gjennom fire konsertar i februar/mars 2013. Lokale bedrifter har delteke i sponing av arrangementa. Besøket på konsertane kunne gjerne vore betre - for den musikalske kvaliteten var svært bra. På seinsommaren vart det også arrangert ein konsert med eit kor frå Polen i regi av Aftenmusikk.

Dei ”gamle” aktivitetane er og populære:

Nattkafeen

Barne- og ungdomsarbeidar Oline (Myklebust) Furnes fekk nattkafeen opp å gå igjen på etterjulsvinteren. Tilbodet hadde då lege nede sidan hausten 2012 på grunn av ombygging/renovering av Eid Kyrkjetun. Tiltaket vart så sett i gang att etter sommarferien av ungdomsprest Kaare Michael i haust. Det er mange unge som lét vel, og er fulle av lovord om tiltaket. Mange skulle nok ynskje at det var fleire fredagar i ei veke.

Eid Barnegospel

Eid barnegospel vert drive vidare av Bendikte Dæmring og Kari Ann Haugland Horne. Det er flott at dette viktige arbeidet er kome i sving att.

Anna kristeleg arbeid

Rundt omkring i bedehus/bygdehus går arbeidet omtrent som før. Innanfor barne- og ungdomssektoren er det mange tilbod som vi er mykje takksame for, men vi har trong for fleire medarbeidarar som kan ta tak i dei områda vi opplever som viktige (særskilt aldersrelaterte tiltak i Trusopplæringsplanen).

Laurdagsgrauten er eit flott familietiltak, særskilt godt eigna til småbarnsfamiliar, men alle er hjarteleg velkomne. Ein har andakt, syng saman og eter graut – som seg hør og bør på ein laurdag.

Normisjon sitt vaksenarbeid har samlingar på Eid, Haugen og Lote. Fleire kvinneforeiningar og misjonsforeiningar (Lærerinnenens Misjonsforbund, Norsk Luthersk Misjonssamband og Det Norske Misjonsselskap) er også i gong.

Det vart arrangert Beta-kurs vinteren 2013 med temaet Syng for Herren – ein førebuing med tanke på ny salmebok i 2013. Dette var eit populært kurs etter deltakartalet å dømme: vel 70 betalande deltakarar. Musikalsk hadde møta fokus på salmar og lovsong frå eit breitt spekter av tradisjonar.

Gjevarteneste

Gjevartenesta har ein stor auke frå 2012. Auken er på kr. 162.638,- (198,3%!!).

Andre gåver til arbeid i soknet utgjorde i 2013 kr 108.189,-. Dette er ein nedgang frå 2012 på kr. 13.836,- (11,3%).

Dei største gåvene er i 2013 gjevne til:

Eid kyrkjetun, Helgefred, Aftenmusikk og Barne- og ungdomsarbeidet.

Utan desse enkeltgåvene til kyrkjelege tiltak frå lokalbefolkninga, lokale organisasjonar og lokale bedrifter, ville vi ikkje hatt høve til å drive eit så omfattande arbeid som vi gjer.

Fleire av gjevarane ga totalt kr 500 eller meir og vil få eit hyggeleg skattefrådrag våren 2014. Vi vonar at endå fleire vil gjere seg nytte av denne moglegheita i 2014.

Offer i kyrkjene

I 2013 kom det inn kr 151.998,- gjennom offer i kyrkjene i Eid og Heggjabygda. Det er sendt kr 96.000,- til formål utanom eige kyrkjelydsarbeid.

Helgefred

Helgefred har kome ut med 3 nummer i 2013. Dette er sokneråda i Eid sin viktigaste nyhende- og marknadsføringskanal for kva som skjer i sokna våre. I mangel av ein fast redaktør har bladet blitt til i eit samarbeid mellom sokneprest, kyrkjevevjerje, soknerådsleiar i Eid og kontormedarbeidar. Vi er heldige som har Marta i vikariat som kontormedarbeidar – og ho har gjort ein framifrå jobb med bladet som kom ut til jul!

"Nye" kanalar for informasjon:

Internettida vår stig også fram som ein viktig informasjonskanal. Her ligg mellom anna meir utførleg informasjon, så som Trusopplæringsplanen, som elles vil vere for omfattande til å trykke i Helgefred, sjå (www.eid.kyrkja.no) I løpet av 2013 kom Kyrkja i Eid også på Facebook – og vi ser at koplinga mellom dette og web-sida gjer at informasjonen når ut til fleire.

Eid kyrkjetun

Eid kyrkjetun er Eid kyrkjelyd si storstove.

Her har Kyrkjetunringen stått sentralt i støttee arbeidet gjennom alle år. Dei trufaste medarbeidarane arrangerer basar om våren og ei stor messe om hausten, og gjennom åra har Kyrkjetunringen bidratt med mykje av dei midlane som har gjort at Eid Kyrkjetun kunne ta til på renoveringsarbeidet hausten 2012 som ei gjeldfri stifting.

Eid Kyrkjetun har soleis vore i ombygging deler av året, og fekk m.a. oppgradert kjøkken og nytt tak i løpet av våren 2013. Dette har utan tvil vore svært krevjande arbeid, og vi er takksame for alle arbeidstimane som er lagt ned med tanke på å få dette til.

Soknerådet sine barne- og ungdomsaktivitetar har brukt lokala i Eid Kyrkjetun «gratis» gjennom gåver frå Eid sokneråd og offer i kyrkjene - og dette lettar "trykket" på det frivillige arbeidet.

Vi takkar styret og dei tilsette ved Eid Kyrkjetun for godt arbeid og vertskap i 2013.

Trusopplæring

Vi har ein godkjent trusopplæringsplan. Det har dermed ikkje vore møter i Trusopplæringsnemda i 2012. Vi lever godt med den planen vi har, men ei full iverksetjing av planen heng saman med neste punkt.

Frivillige arbeidarar

Mykje godt og viktig arbeid har gått sin gang også i 2013 takka vere utretteleg innsats frå mange. Vi vonar dei også opplever mykje velsigning i tenesta som kan gje inspirasjon til å gå laus på endå eit nytt år.

Som tidlegare nemnt, særskilt i lys av trusopplæringsplanen, opplevast det likevel ein prekær mangel på frivillige. Kapasiteten til våre tilsette er sprengd, og vel så det. Ein har sett seg nøyd til å «fryse» store delar av denne planen, noko som medfører at enkelte alderstrinn ikkje får den oppfølging dei gjerne skulle ha fått. Det er viktig at vi tar grep for å rekruttere fleire frivillige i 2014 med tanke på å avlaste våre tilsette og attpåtil få realisert fleire punkt i planen.

Andre viktige foki for 2014

Soknerådet har hatt gode rammar for sitt arbeid i 2013. Vi vil bygge vidare på arbeidet som allereie er gjort. Eit spennande temaområde for 2014 er det som gjeld utvikling av kyrkjelyden; til dømes visjon, fleire medarbeidarar, strategi for å nå fleire, det vil sei at fleire vil oppleve kyrkja som relevant i deira kvardag.

Avslutning

Vi er svært privilegerte i Eid sokn. Vi har hatt gode prestar i ei årrekkje. Det er ikkje mange sokn som er så heldige. Til slutt vil Eid sokneråd rette ei hjarteleg takk til alle som trufast kjem til gudstenestene, til staben ved kyrkjekontoret og til alle frivillige medarbeidarar som velvillig stiller tida si og talenta sine til rådvelde for arbeidet i Eid sokn.

For Eid sokneråd,

Tor Olav Heldal
-soknerådsleiar i 2013-